

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås

14.06.2021

Til
Alver kommune, Plan og Miljøutvalet
Alver kommune, landbrukssjefen
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Vedr.: Tilsynssak Alver kommune med 1.prioritet, Dok. 21/19005

Vårt brev av 17.03.2021 til Alver kommune

Vi viser til vårt brev av 17.03., og til innhaldet i dette.

Grunnen til vårt nye brev er at Alf Eikevik, 99/4, i etterkant av oppretta tilsynssak held fram den ulovlege anleggsverksemda, og at ingen stoppar dette. Alvorlegheitsgraden er slik at skadeverket er uoppretteleg. Det me registrerer er at Alf Eikevik berre fortset på same måte med *endå* meir omfattande og *endå* meir uoppretteleg skadeverk, at han stadig både utvidar og byggjer på nye ulovlege høgdemeter med steinmassar.

Det siste er at han også no ulovleg er i ferd med fleire meter nivå-heving midt i det gamle tunet, steinmassane har høgd tilsvarende midt oppe på kledningen på huset i gamletunet, som ligg *like* framfor vårt hus (15 m). Det er eit svært øydeleggjande inngrep. Det er også til vesentleg og stor sjenanse for 99/1, som taper alt av utsyn og all kontakt med omliggjande natur og landskap. Store delar av hevinga med steinmasse er på vesentleg meir enn 3 høgdemeter.

I etterkant av det forrige brevet vårt har A.E. dessutan ulovleg heva terrenget bortimot 1 meter **på** tungrensa mellom tuna, over ei lengd på fleire titals meter, ei nivåheving han ulovleg har starta *innanfor* 99/1 si grense. Alt utan å søkje, og utan løyve. Til uoppretteleg skade, og til stor sjenanse og belastning for 99/1.

Det er fullstendig uforståeleg, både for oss som bur her og for dei me snakkar med, at ikkje den ulovlege verksemda på 99/4 vert stoppa av kommunen. Med dei enorme anleggsmaskinene A.E. disponerer og benyttar, betyr kvar dag han ikkje vert stoppa svært mykje frå eller til av skadeverk.

Ut frå avlesen djupne på borehol + totalområdet som er utskote på 99/4, anslår vi dei utskotne steinmassane på 99/4 til å vere over 20.000 m³. Sidan eit lastebillass med stein er på 10 m³, består altså den oppbygde stein-flata på 99/4 no av **meir enn 2000 lastebillass** med stein. Dette for å gje eit bilet.

Det som er utført på 99/4 av Alf Eikevik strir mot alle lovverk: Konsesjonsloven, landbruk, plan- og miljø, naturmangfold, kulturvern, nabolov og sikkert fleire. **Og all den ulovlege aktiviteten skjer i namnet til nokon som ikkje har konsesjon.** Lovbrota er både systematiske og grove, og vi meiner dei viser ein total mangel på «skikkethet» i forhold til konsesjonen. Vi meiner difor at Alf/Judith Eikevik på bakgrunn av dette ikkje er skikka til å få tildelt vidare konsesjon på bruket.

Denne ulovlege verksemda **må** opphøre, dette kan ikkje halde fram. Det er også heilt naudsynt at 99/1 vert involvert i den synfaring kommunen skal ha, for å sikre at kommunen får rett informasjon.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

